



Arkivnr: 2014/1557-1

Saksbehandlar: Nils E Grude

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		04.02.2014

Klage på førehandstilsagn for utbetring av avkjørsle til Fv 158 på Røttinga i Os kommune

Samandrag

Statens vegvesen har avslått å gje førehandstilsagn til bygging av naust og kaianlegg på Røttinga i Os kommune før avkjørsle til staden vert flytta 10 meter for å oppnå tilstrekkeleg siktlinje og ein svingradius på 6 meter. Tiltakshaver ønskjer ikkje å flytte avkjørsla med grunngjeving i kostnader, berekna til kr. 75.000, og at ein må ta av annen manns eigedom. Statens vegvesen sender klagen over til endeleg handsaming i klagenemnda.

Fylkesrådmannen vurderar kostnaden ved flytting av avkjørsla med 10 meter ikkje til å vere meir enn det ein må ta høgde for med utbetring av dei trafikale tilhøva ved ei avkjørsle, og som vegvesenet påpeiker vil det bli mogleg for eigar av ubebygd tomt å kople seg på den nye avkjørsla. Fylkesrådmannen tilrår klagenemnda å avslå anken.

Forslag til vedtak

Klagenemnda avslår anken frå eigar av gnr. 29 bnr. 381 og 382 på Røttinga i Os kommune om krav frå Statens vegvesen om flytting av avkjørsle til eigendomane med 10 meter slik at ein oppnår siktlinje på 49 meter og ein svingradius på 6 meter.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.01.2014

Statens vegvesen sender i brev av 10.12.13 over klage på avslag om førehandstilsagn om utbetring av avkjørsle til Fv 158 på Røttingen i Os kommune.

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen mottok i brev av 08.03.13 fra Os kommune søknad om dispensasjon fra kommuneplanen sin areal del om nybygg, naust og kaianlegg. Naust og kaianlegg skal være base for opplæring av dykkarar. Statens vegvesen stilte seg positiv til dispensasjonssøknaden i brev av 25.03.13, men ville stille krav til utforminga av avkjørsla mot Fv 158 (vedlegg 1). Dei viste i brevet til at dei for ei tid tilbake hadde gitt løyve for ei bustadeining til denne avkjørsla, men at dette var siste løyvet dei gav for denne avkjørsla før den blei utbetra etter dagens standardkrav. Når det gjeld den omtale søknaden om dispensasjon vil Statens vegvesen stille krav om utbetring.

I eit nytt brev av 10.06.13 (vedlegg 2) fra Statens vegvesen til Os kommune viser dei til at dei vurderer området kring snuplassen på Røttinga (med den omtalte avkjørsla) på Lepsøy til å vere under utvikling både med naust, fritidshus, einebustader og no næringsveksemd. Ut frå ei heilskapleg trafikal vurdering meiner Statens vegvesen at det er behov for å utbetre avkjørsla før dei kan gje endeleg løyve til dispensasjon fra kommuneplanen sin areal del, men legg til at løyve til arbeid med kai og grunnmur til naust kan påbegynnast før ny avkjørsle er ferdigstilt. For å kunne oppnå tilstrekkeleg sikt og svingradius må avkjørslepunktet flyttast om lag 10 meter mot sør, og det er elles i brevet sett opp detaljkrav for avkjørsla.

Klage fra tiltakshavar

I brev av 28.09.13 til Statens vegvesen fra Byggmester Svein Gjuvsland på vegne av tiltakshaver (vedlegg 3) vert det vist til at det er vurdert å flytte avkjørsla slik Statens vegvesen har bedt om, men at dette blir for dyrt, kr. 75.000, og ein må gå inn på annan manns eigedom. Det vert vist til ei anna avkjørsle til Fv 158, Sundsøyhagen, der dei meiner at det fortsatt pågår bygging av bustader og naust og at det må settast krav til likehandsaming når det gjeld avkjørsler.

Svar fra Statens vegvesen på klagen

Statens vegvesen viser i brev av 28.10.13 til Byggmester Svein Gjuvsland (vedlegg 4) at den meirtrafikken som m.a. kursverksemnda vil skape, er ikkje den noverande avkjørsla utforma til å handtere. Når det gjeld tilvisinga til avkjørsla til Sundsøyhagen viser Statens vegvesen til at denne avkjørsla er omfatta av ein vedteken reguleringsplan, og skal vere dimensjonert etter den utbygginga som skal finne stad etter planen. At denne avkjørsla no ikkje er tilfredstillande er Statens vegvesen samd i, men det er kommunen som skal sjå til at denne avkjørsla vert tilfredsstillande utforma. Statens vegvesen avsluttar brevet med at dei held fast ved tidlegare krav til avkjørsla, men at dei ser at det kan bli vanskeleg å realisere ein svingradius på 9 meter. Dei vil difor redusere kravet til 6 meter svingradius i den nye avkjørsla.

Ny klage fra tiltakshavar

I ny klage fra Byggmester Svein Gjuvsland av 09.11.13 på vegne av tiltakshavar (vedlegg 5) vert det vist til at kursveksemnda ikkje vil skape meirtrafikk sidan det bare er 2 parkeringsplassar ved naustene. For å gjere området ved avkjørsla meir trafikksikker meiner tiltakshavar at farten kan settast ned til 30 km/t og anlegging av fartshumper. Dette vil og gi sikrare trafikkbilete for ein barnehage eit par hundre meter frå avkjørsla/ snuplassen. Klaga inneholder og synspunkt fra Byggmester Svein Gjuvsland som omhaldlar sak om oppføring av eigen bustadhus i Hegglandsdalen.

Oversending av klaga frå Statens vegvesen til handsaming i Klagenemnda

I oversendingsbrevet frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune av 10.12.13 gjentar dei mykje av dei krava til ny avkjørsle som er framsatt i tidlegare korrespondanse (vedlegg 6). I vurderinga vert det vist til at den noverande siktlinje i retning Os er 30 meter og har ein svingradius på 4 meter. Statens vegvesen skriv at ved å gå ned frå 9 meter til 6 meter i svingradius for den nye avkjørsla vil ein redusere bruken av areal på naboeigedomen, samstundes som det vil gjere det mogleg for utsynskøyretøy å kome til staden (til eigedomane som soknar til avkjørsla). Videra vert det opplyst at ved ny avkjørsle vil det bli mogleg for eigar av gnr 29 bnr 264 å kople seg på Fv 158 om det skulle bli aktuelt å ta i bruk denne tomta.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen vurderar kostnaden ved flytting av avkjørsla med 10 meter ikkje til å vere meir enn det ein må ta høgde for med utbetring av dei trafikale tilhøva ved ei avkjørsle, og som vegvesenet påpeiker vil det bli mogleg for eigar av ubebygd tomt å kople seg på den nye avkjørsla. Klagar viser til at han må gå inn på annan manns eigedom for å få plass til ny avkjørsle. Her kjem Statens vegvesen tiltakshavar i møte ved å gå ned frå 9 til 6 meter radius, slik at det kan bli enklare for tiltakshavar å få til ei løysing. Fylkesrådmannen tilrår klagenemnda å avslå anken frå søkjar om å utbetre/flytte avkjørsla slik at den oppfyller krava som ligg i handbok 017 som gjeld avkjørsler til offentleg veg.